



Foto: Anders Kjetland

# Handlingsprogram 2026–2029



Alver kommune | Askøy kommune | Bergen kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune  
Statens vegvesen | Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statsforvaltaren i Vestland



## Føreord

Miljøloftet er namnet på partnarskapen som saman har forplikta seg til å nå nullvekstmålet: I byområda skal klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy reduserast gjennom effektiv arealbruk og ved at auken i persontransporten takast med kollektivtransport, sykling og gange.

Miljøloftet består av ni partar: Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden kommunar, Vestland fylkeskommune og dei statlege verksemndene Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet og Statsforvaltaren i Vestland.

Byvekstavtalen gjeld for perioden 2019–2029 og inneholder samla sett investeringar og støtte til drift for cirka 16 milliardar kroner. Miljøloftet har eit fireårig handlingsprogram som blir rullert årleg.

Handlingsprogram 2026–2029 er ei oversikt over investeringane som Miljøloftet planlegg dei neste fire åra, og inneholder prosjekt på om lag seks milliardar kronar. Realiseringa av handlingsprogrammet er avhengig av løvningar både i fylkesbudsjett og statsbudsjett. For 2026 blir desse budsjetta vedtekne i desember 2025.

Alle partane i Miljøloftet har delteke aktivt i arbeidet med handlingsprogrammet, i alt frå arbeidsgrupper, samordningsfunksjon, prioritieringsråd og styringsgruppe, til avdelingane i partane sin eigen organisasjon. Alle prosjekt har eit eige prosjektark, som er samla i prosjektopporteføljen for 2025.

Av alle prosjektarka som blei spelt inn til handlingsprogrammet har 75 prosjekt blitt vedtatt av styringsgruppa, noko som er eit tydeleg teikn på at det blir jobba godt for å få fram gode prosjekt.

For meir detaljert og utfyllande informasjon om prosjekta som er del av handlingsprogrammet, viser vi til porteføljen, som ligg på [miljøloftet.no](http://miljøloftet.no).

### Nærare om Bybanen

Stortinget vedtok Nasjonal transportplan 2025-2036 i juni 2024. Der er det er prioritert eit statleg bidrag til bybanen til Åsane, men midlane blir ikkje blir tilgjengelege før det er einighet om trasé gjennom sentrum.

Dei lokale partane har derfor gått saman om eit kompromissforslag basert på tunnelutgreiinga frå 2021, under føresetnad av at risikoene i prosjektet blir redusert til eit akseptabelt nivå knytt til kulturminne, grunnvatn og kostnadar. I tillegg skal ein vurdere mogelegeitetene for ein underjordisk haldeplass ved Sverresborg.

Det blir jobba vidare med reguleringsplan for traséen gjennom sentrum. Dei andre reguleringsplanane som er vedtekne for bygging av bybane til Åsane blir uendra.

I Miljøloftet sitt handlingsprogram for 2026-2029 er det sett av bompengar i tråd med Bypakke Bergen (prop 11 S) til arbeidet med reguleringsplan for strekninga Kaigaten til Sandviken, og til prosjektering og grunnerverv for heile strekninga Kaigaten-Vågsbotn.



## Innhold

<b>Miljøloftet</b>	4	Om Miljøloftet
<b>Organisering</b>	5	Styringsgruppa
	5	Prioriteringsrådet
	5	Samordningsfunksjonen
	5	Geografiske arbeidsgrupper
	5	Organisasjonskart
<b>Styring</b>	6	Porteføljestyring
	6	Styringsprosess
	6	Årleg avgjerdss prosess
<b>Økonomi</b>	7	Finansiering byvekstavtalen
	7	Finansiering Bypakke Bergen (Prop 11 S)
	7	Merknader
	9	Inntekter byvekstavtalen
	9	Inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)
	10	Utgifter byvekstavtalen
	10	Utgifter Bypakke Bergen (Prop 11 S)
	11	Prosjekt i byvekstavtalen
	15	Prosjekt i Bypakke Bergen (Prop 11 S)

# Om Miljøløftet

Gjennom byvekstavtalene samarbeider dei tre forvaltningsnivåa stat, fylkeskommune og kommune om det nasjonale målet om nullvekst i persontransport med personbil. Miljøløftet er namnet på samarbeidet om byvekstavtalen for Bergensområdet.

Avtalen er inngått mellom Samferdselsdepartementet (med Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet), Kommunal- og distriktsdepartementet (med Statsforvaltaren i Vestland), Vestland fylkeskommune og

kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. Bompengepakka Bypakke Bergen (Prop. 11 S) er også ein del av Miljøløftet, men avgrensar seg geografisk til Bergen kommune.

Miljøløftet skal bidra til ei framtidsretta utvikling av Bergensområdet. Byvekstavtalen sikrar ein meir heilsakleg bruk av verkemiddel enn det partane kan oppnå kvar for seg, fordi den omfattar statlege, fylkeskommunale og kommunale tiltak både på areal- og transportområdet. Prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal bidra til å nå nullvekstmålet og til eit miljøvennleg, effektivt og trygt transportsystem som gir god mobilitet for innbyggjarar og næringsliv.

## Byvekstavtalen



## Bypakke Bergen



**Miljøløftet**

Hovudmålet til Miljøløftet er **nullvekst**: I byområda skal klimagass-utslepp, kø, luftforureining og støy reduserast gjennom effektiv arealbruk og ved at veksten i persontransport blir tatt gjennom kollektiv-transport, sykling og gåing.

**Gange og sykkel**

Det skal bli meir attraktivt å vere mijuk trafikant. Tilbodet til gåande og syklende skal bli betre utbygd og meir trafiksikkert.

**Kollektivtransport**

Det skal bli meir attraktivt å reise kollektiv. Sukessfaktorar for kollektivtransporten er høg frekvens, god framkome og god kapasitet. Bybanen er basisen i bystamlinjenettet, medan buss, båt og tog dekker dei regionale stamlinjene.

**Innfartsparkering**

Innfartsparkeringsplassar skal redusere sentrumsretta arbeidsreiser i rushtida, og bidra til at fleire reiser kollektivt. Dette gjeld primært arbeidsreiser med det sentrale Bergen som mål.

**Miljøvennleg teknologi og innovasjon**

Utvikling innan klima- og miljøvennlege transportløysingar, låg- og nullutslepps-teknologi, ladeinfrastruktur, digitalisering og teknologiutvikling.

# Organisering

## Styringsgruppa

Styringsgruppa har hovudansvaret for styring og koordinering av Miljøloftet, basert på prinsipp om porteføljestyring og mål- og resultatstyring. Medlemmane er ordførarar eller byråd frå dei fem kommunane, fylkesordførar og representantar frå dei statlege partane. Dei avgjer kva for prosjekt som skal prioritertast og korleis pengane i Miljøloftet skal brukast.

## Prioriteringsrådet

Prioriteringsrådet består av representantar frå administrasjonen hos partane og fungerer som eit forbereidande og rådgjevande organ for styringsgruppa. Som regel vert saker handsama i prioriteringsrådet, som foreslår vedtak, før det vert handsama av styringsgruppa.

## Samordningsfunksjonen

Samordningsfunksjonen skal samordne prosjektforlag for å legge til rette for god porteføljestyring. Den skal avvege faglege, tverrfaglege og geografiske

problemstillingar. Funksjonen skal sikre god kvalitet i utfylling av prosjektark og vurdere prosjekta opp mot kvarandre. Samordningsfunksjonen arbeider på vegne av alle partane i Miljøloftet.


## Geografiske arbeidsgrupper

Miljøloftet har fire geografiske arbeidsgrupper, med ansvar for kvar sin del av avtaleområdet. Dei fire arbeidsgruppene er: Nord-aust (Alver kommune og bydelane Åsane og Arna), Vest (Øygarden og Askøy kommunar, og ytre del av Laksevåg bydel), Sør (Bjørnafjorden kommune og bydelane Fana og Ytrebygda) og Sentrum (Bergenhus, Årstad, Fyllingsdalen og Indre Laksevåg). Arbeidsgruppene er sett saman på tvers av etatar og vurderer prosjekta innafor sitt område .

## Sekretariatet

Sekretariatet er eit saksforberedande organ som koordinerer samarbeidet og oppfølginga av byrekstavtalen på vegne av alle partane i Miljøloftet, og legg til rette for god porteføljestyring og rapportering av økonomi og måloppnåing. Sekretariatet har også eit særskilt ansvar for kommunikasjon.

### Organisasjonskart



# Styring

## Porteføljestyring

Alle partane kan spele inn forslag til tiltak eller prosjekt som skal bidra til å nå nullvekstmålet. Forslaga blir samla i ein prosjektoptefølje, som er utgangspunktet for porteføljestyring. Porteføljestyring vil seie at prosjekta blir prioritert basert på ei heilskapleg vurdering av

måloppfylling, disponible midlar, samfunnsøkonomisk lønnsemd, planstatus og kapasitet på planlegging og gjennomføring. I tillegg skal arealutvikling vere ein del av vurderingsgrunnlaget for porteføljestyringa.

## Porteføljestyring i Miljøloftet



## Årleg avgjerdssprosess

- Basert på innspelte prosjekt, arbeider samordningsfunksjonen og prioriteringsrådet saman med sekretariatet fram forslag til fireårig handlingsprogram
- Styringsgruppa behandler forslag til handlingsprogram for Miljøloftet i mars. Deretter blir det sendt til lokalpolitisk behandling i Vestland fylkeskommune og dei fem kommunane før sommaren.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av dei statlege midla, er styringsgruppa sitt innspel til Statsbudsjettet. Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett

- (Prop.1 S) blir lagt fram i oktober med etterfølgande behandling i Stortinget.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av fylkeskommunale midlar, er styringsgruppa sitt innspel til fylkesbudsjettet. Fylkesbudsjettet blir behandla i Fylkestinget i desember.
- Kvart år rapporterer Miljøloftet på kostnad og måloppnåing gjennom årsmeldinga.



# Økonomi

## Finansiering byvekstavtalen

Byvekstavtalen går over 11 år, fra 2019 til 2029, og avtalen inneholder statlege og fylkeskommunale finansieringsbidrag. Prosjekta i handlingsprogrammet 2026–2029 er utgangspunktet for partane sine innspele til fylkesbudsjett 2026 og statsbudsjett 2026. Finansieringa til prosjekta i handlingsprogrammet er avhengig av budsjettvedtak frå desse partane.

*Midlane i byvekstavtalen kjem frå følgande finansieringskjelder:*

### Statlege midlar

- Post 30: Programområdetiltak på riksveg
  - kan også nyttast til kommunale og fylkeskommunale gonge-, sykkel- og kollektivtiltak, avgrensa til investeringar. Dersom midlane nyttast til tiltak på kommunal og fylkesveg, blir budsjettmidlane teknisk overført frå post 30 til post 66.
  - løyvingane i statsbudsjettet kan variere frå år til år, men er i handlingsprogrammet berekna å beløpe seg til eit årleg gjennomsnitt av totalsummen i byvekstavtalen.
- Post 63: Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt
  - Bybanen byggetrinn 5 til Åsane skal finansierast av denne ordninga, men konkret finansiering vil bli avgjort gjennom ein finansieringsavtale etter endeleg vedtak av reguleringsplan for traséen gjennom sentrum.
- Post 66: Tilskot til byvekstavtalar
  - belønningsmidlar til kommunane
  - belønningsmidlar til drift kollektiv (Skyss)
  - tilskot til betre kollektivtilbod

Post 66 blir utbetalt som tilskot frå staten til fylket med faste årlege summar.

### Fylkeskommunalt bidrag

Vestland fylkeskommune bidreg årleg med investeringsmidlar til Miljøloftet. Løyvingane i fylkesbudsjettet kan variere frå år til år, men størrelsen ligg nært opp til byvekstavtalen sitt årlege gjennomsnitt.

## Finansiering Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Bypakke Bergen går over tjue år, frå 2018-2037. Per no ligg inntektene i bypakka lågare enn det stortingsproposisjonen opnar for. Dei estimerte brutto bompengeinntektene for handlingsprogramperioden er basert på ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 257.000, og ein gjennomsnittstakst på 11,50 kroner, som er på nivå med prognosane for 2025.

- Tal i handlingsprogrammet er oppgitt i forventa 2026-kroner (sjå tabell på neste side).
- Prosjekta som blir finansiert av fylkeskommunale midlar, samt riksvegtiltak er inkludert meirverdiavgift.
- Prosjekt på kommunal og fylkesveg som blir finansiert av statlege midlar er ikkje inkludert meirverdiavgift.
- For omlandskommunane skal prosjekt over det fylkeskommunale bidraget fullfinansierast innanfor det fylkeskommunale bidraget i avtalen. For prosjekt i Bergen blir størrelsen på tilgjengeleg bidrag berekna ut frå ein årleg snittsum.
- Post 66, Tilskot til betre kollektiv, er avsett til bybanen. Detaljert bruk av desse midlane i 2026 blir avgjort av styringsgruppa i første halvdel av 2026.
- Innspela over post 66 – Belønningsmidlar til drift kollektiv er avhengig av å få tilbakebetalt dei tidlegare tilbakehaldne midlane frå staten. Forventa årleg tilbakebetaling er innberekna i oversikta over inntekter.
- Kolonnene med total finansiering viser berre total finansiering for gitt finansieringskjelde. Prosjekt kan ha andre finansieringskjelder i eller utanom Miljøloftet i tillegg.



## Arealutvikling i byvekstavtalen

Byvekstavtalen skal bidra til å skapa attraktive by- og tettstadscenter og ein meir effektiv arealbruk i avtaleområdet. Statsforvaltaren har hovudansvaret for å følgje opp arealdelen av avtalen på vegne av Kommunal- og distriktsdepartementet. Det er viktig for avtaleområdet å lukkast med arealutviklinga for å støtte opp under prosjekta i Miljøloftet.

Kommunane skal planlegge i tråd med statlege planretningslinjer og regionale planar samt måla for byvekstavtalen. Byvekstavtalen har ein forventning om at avtalepartane har kommuneplanar som byggar opp under måla i avtalen.

Status 2025 er at kommunane er i ulike fasar i planarbeidet, frå tidleg fase, offentleg ettersyn, og relativt nyleg vedteken arealdel til kommuneplan. Så langt har det vore avgrensa informasjon om arealutviklinga si verknad på nullvekstmålet i handlingsprogramma og i årsrapportane. Det er nyttig å få fram korleis forpliktinane og føringane på arealplanlegging i byvekstavtalen vert følgt opp hos avtalepartane, og kva effekt dette har på nullvekstmålet.

Det vert rapportert på måleindikatorar for arealutvikling for å synleggjere arealdisponeringar annakvart år. Indikatorene vert ikkje brukt for å måle måloppnåing, men kan gi eit bilet av i kva grad verkemiddel innanfor arealbruk vert teke i bruk. Det er behov for meir kunnskap, og måleindikatorar som kan speglar sentralsentraturen i kommunane, slik at dei gir eit mest mogleg korrekt bilet av arealutviklinga.

## Kroneindeks


Alle inntekter og kostnader i handlingsprogrammet er indeksert til 2026-kr. Unntaket er prosjekt finansiert av belønningsmidlar over post 66 i kommunane. Sidan dette hovudsakeleg er pottar til mindre prosjekt, er det ikkje hensiktsmessig å indeksere desse beløpa.

Tabellen under viser kva indeksar som er blitt brukt.

Finansiering	Forventa indeks 2026	Kjelde
Fylkeskommunalt bidrag	3,5 %	Vestland fylkeskommune
Post 30	3,5 %	Finansdepartementet, Veianlegg
Post 66	3,7 %	Finansdepartementet, Kap 1332 post 63 og 66

## Inntekter byvekstavtalen

Tabell og kakediagram detaljerer inntekter for byvekstavtalen i handlingsprogramperioden 2026–2029 og er i mill. 2026-kr.



Finansieringskjelder i tråd med byvekstavtalen 2019-2029 for perioden 2026–2029	2026	2027	2028	2029	Sum 2026–2029
<b>Byvekstavtalen</b>					
Fylkeskommunalt bidrag - årleg gjennomsnitt	372	372	372	372	1488
Post 30: Programområdemidlar - årleg gjennomsnitt	513	513	513	513	2052
Post 63: Statleg tilskot til store kollektivprosjekt	0	0	0	0	0
Post 66: Tilskot til byvekstavtalar					
- belønningsmidlar til kommunane	43	43	43	43	172
- tilbakehaldne midlar	6	6	6	6	24
- belønningsmidlar til drift kollektiv	358	358	358	358	1432
- tilbakehaldne midlar	51	51	51	51	204
- belønningsmidlar til betre kollektivtilbod	136	136	136	136	544
- belønningsmidlar til reduserte billettprisar kollektiv	61	61	61	61	244
<b>Sum finansiering i byvekstavtalen</b>	<b>1540</b>	<b>1540</b>	<b>1540</b>	<b>1540</b>	<b>6160</b>


## Inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Tabellen detaljerer estimerte inntekter for Bypakke Bergen (Prop. 11 S) i handlingsprogramperioden 2026–2029 og er i mill. 2026 kr. Prognosene legg til grunn ein gjennomsnittsinntekt per passering på kr 11,50 og ein ÅDT på 257 000.

Inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)	2026	2027	2028	2029	Sum 2026–2029
Brutto bompengeinntekt	1 079	1 079	1 079	1 079	4 316
Netto driftsutgifter	81	81	81	81	324
Netto finansposter	148	148	148	148	592
<b>Sum netto inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)</b>	<b>850</b>	<b>850</b>	<b>850</b>	<b>850</b>	<b>3 400</b>

## Utgifter byvekstavtalen

Tabell og kakediagram detaljerer estimerte utgifter for byvekstavtalen i handlingsprogram-perioden 2026-2029 og er i mill. 2026-kr.



Disponering av midlar i Handlingsprogrammet 2026–2029	2026	2027	2028	2029	Sum 2026–2029
<b>Byvekstavtalen</b>					
Fylkeskommunalt bidrag	368	371	345	355	1439
Post 30: Programområdemidlar	321	343	861	659	2184
Post 63: Statleg tilskot til store kollektivprosjekt	0	0	0	0	0
Post 66: Tilskot til byvekstavtalar					
- belønningsmidlar til kommunane	52	46	37	35	170
- belønningsmidlar til drift kollektiv	404	415	420	425	1664
- belønningsmidlar til betre kollektivtilbod	136	136	136	136	544
- belønningsmidlar til reduserte billettprisar kollektivt	61	61	61	61	244
<b>Sum finansiering i byvekstavtalen</b>	<b>1342</b>	<b>1372</b>	<b>1860</b>	<b>1671</b>	<b>6245</b>

## Utgifter Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Tabell detaljerer estimerte utgifter for Bypakke Bergen (Prop. 11 S) i handlingsprogramperioden 2026-2029 og er i mill. 2026-kr.

Disponering av midlar i Bypakke Bergen (Prop 11 S) 2026-2029	2026	2027	2028	2029	Sum 2026–2029
Sum Bypakke Bergen (Prop 11 S)	225	229			454

## Prosjekt i byvekstavtalen

Tabellene detaljerer prosjekt med finansiering gjennom byvekstavtalen i handlingsprogramperioden 2026–2029. Prosjekta er sortert etter finansieringskjelde og satsingsområde.

- Tala er oppgitt i 1000 og indeksert til forventa 2026-kr
- Prosjekt der totalkostnad ikke er oppgitt er årlege pottar
- Prosjekt delfinansiert med statleg tilskot er samla under éin totalsum

## Fylkeskommunalt bidrag

Prosjektnamn	Kommune	Total finansiering (VLFK)	Tidlegare løying	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Standardheving med vedlikeholdskarakter fylkesveg	Heile avtale-området			57 100	57 100	36 200	36 200	
Fremkommelighetstiltak sykkel	Bergen			3 900	3 900	3 900	3 900	
Program for teljing og analyse av fotgjengarstraumar/trafikkmodeller	Bergen			1 000	1 000	1 000	1 000	
Prosjektering diverse fylkesveg og grunnerverv	Bergen			2 100	2 100	2 100	2 100	
Sikker sykkelparkering Nesstun, Åsane og Bergen sentrum	Bergen			1 200	700	-	-	
Trafiksikkerhet	Bergen			25 900	26 400	26 400	26 400	
Gangveier til kollektivtraséer	Bergen			11 900	11 900	11 900	11 900	
Sentrums- og knutepunktsutvikling i Bergen - Oppstartsmidler	Bergen			500	500	500	500	
Apeltunvegen	Bergen	51 000	28 000	23 000	-	-	-	
Nonneseter	Bergen	62 000	7 200	36 200	18 600			
Fv5300 Salhusvegen, Ulsetstemma-Slettestølvegen	Bergen	148 000			2 100	10 400	41 400	94 100
Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer	Bergen	66 800	36 200	26 500	4 100	-	-	
Kjøkkelvikveien samanhengande gang og sykkeltilbod	Bergen	219 500		2 100	20 700	51 800	62 100	82 800
Klostergaten, gateopprusting	Bergen	83 600	11 400	25 900	29 000	17 300	-	
Hesthaugvegen, Åsane terminal–Morvik, del 1: Åsane terminal–Haukedalen skole	Bergen	226 700		-	-		5 200	221 500
Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet -Lyderhornsveien	Bergen	135 000		-	-	-	-	135 000
Tennebekk næringsområde ombygging av kryss/avkjørsel	Bergen	20 700	-	1 000	7 200	10 400	2 100	-
Mva og prosjektering i prosjekt som blir finansiert med statleg tilskot		461 900						
- Fv565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau	Alver		700	500	-	-	-	
- Ostereidet/Lindsdalen, fortau	Alver		6 200	1 200	4 100	500	-	
- Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøryslesanering	Alver		3 600	2 000	500	-	-	
- Fv5474 Seim, fortau og avkøryslesanering	Alver			-	4 100	5 200	5 500	1 200
- Fv5452 Hillesvåg–Apalen, etablering av G/S-veg	Alver			-	-	1 000	5 200	2 900
- Nordre Hauglandsveg	Askøy		5 200	5 200	3 300	3 900	4 700	-
- Mindemyren, byggetrinn 2	Bergen			3 100	-	-	-	
- Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle	Bergen		4 100	5 400	6 000	13 000	12 000	1 700
- Paradis 2.byggetrinn	Bergen			5 200	20 900	8 900	8 900	10 200
- Grimstadvegen	Bergen			2 100	15 500	10 600	12 500	10 500
- Nattlandsveien, Wiers-jenssens vei -Hagerupsvei	Bergen			-	3 100	16 500	10 800	23 700
- Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg	Bergen			10 400	14 500	19 200	13 000	21 900
- Etablering av trafiksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	Bjørnfjorden		17 100	10 000	800	-	-	
- Skogsskiftet sentrumsområde	Øygarden		9 800	5 900	11 800	11 800	2 500	-
- Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	Øygarden			1 100	8 600	8 600	-	
- Vestsidevegen	Øygarden			-	-	-	2 100	21 400

Gange og sykkel

↓  
Tabellen fortsetter neste side

↓  
Fortsettelse av: *Fylkeskommunalt bidrag*

	Prosjektnavn	Kommune	Total finansiering (VLFK)	Tidlegare løying	2026	2027	2028	2029	Restbehold etter 2029
Kollektivtransport	Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2 mellom Bergen sentrum og Oasen	Bergen			38 800	37 200	35 900	34 700	
	Mindre kollektivtiltak, enklere tiltak	Bergen			4 200	4 200	4 200	4 200	
	Oppgradering holdeplasser	Bergen			10 400	10 400	10 400	10 400	
	Oppgradering signalanlegg og ASP	Bergen			1 600	1 600	1 600	1 600	
	Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss	Bergen			30 000	26 900	9 300	21 500	
Andre	Reisevaneundersøkelsen (RVU)	Heile avtaleområdet			1 400	1 400	1 400	1 400	
	Drift av sekretariatet i Miljøloftet	Heile avtaleområdet			11 000	11 000	11 000	11 000	
	Sum fylkeskommunale prosjekt				367 800	371 200	344 900	354 800	626 900



## Statlege post 30-midlar: Programområdetiltak

	Prosjektnavn	Kommune	Total finansiering (post 30)	Tidlegare løying	2026	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Gange og sykkel	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold	Bergen	421 300	305 400	103 500	12 400			
	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken – Glass Knag	Bergen	230 200	180 800	41 400	8 000			
	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3A, Nesttun-Hop	Bergen	192 700		-	5 200	41 400	72 500	73 600
	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3B, Hop-Fjøsanger	Bergen	22 800		2 100	20 700	-	-	-
	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5b, Fjøsangerveien/Solheimsgaten–Fabrikkgaten	Bergen	112 200		-	5 200	62 100	44 900	-
	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger - Kristianborg	Bergen	240 400		-	5 200	56 900	77 600	100 700
Kollektiv	Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/Fjøsangerveien	Bergen	14 000	2 100	11 900				
	Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden	Bjørnafjorden	1 800		600	1 200	-	-	-
Delsum post 30 midlar til prosjekt på riksveg			1235 400	488 300	159 500	57 900	160 400	195 000	174 300
Gange og sykkel	Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	Alver	37 700	32 000	5 700	-	-	-	-
	Kv1023, Kv1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveier	Alver	30 400	20 700	9 700	-	-	-	-
	Ostereidet/Lindsdalen, fortau	Alver	28 700		6 000	20 100	2 600	-	-
	Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkjørslesanering	Alver	11 500		9 400	2 100	-	-	-
	Fv5474 Seim, fortau og avkjørslesanering	Alver	36 800		-	-	4 800	25 900	6 100
	Fv5452 Hillesvåg–Apalen, etablering av G/S-veg	Alver	19 900		-	-	-	5 200	14 700
	Nordre Hauglandsveg	Askøy	44 700		-	12 300	14 700	17 700	-
	Skarholmvegen	Askøy	176 800		-	-	176 800	-	-
	Mindemyren, byggetrinn 2	Bergen	137 000		-	32 400	31 400	31 400	41 800
	Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle	Bergen	121 100		-	20 700	49 100	45 000	6 300
	Grimstadvegen	Bergen	135 200		-	-	25 700	59 900	49 600
	Bjørndalsbakken bro, økt fremkommelighet for myke trafikanter	Bergen	31 000		-	-	15 500	15 500	-
	Johan Berentsens vei - etablering av fortau	Bergen	45 300		18 100	18 100	9 100	-	-
	Ytre Arna - Breistein, sammenkobling av gangveier	Bergen	8 800		500	-	8 300	-	-
	Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg	Bergen	183 600		-	7 200	45 000	49 100	82 300
	Nattlandsveien, Wiers-jenssens vei - Hagerupsvei	Bergen	168 700		-	-	4 200	51 300	113 200
	Wiers-Jenssens vei, fremkommelighet og sikkerhet	Bergen	65 000		-	10 400	37 300	17 300	-
	Paradis 2. byggetrinn	Bergen	160 000		-	25 700	42 800	42 800	48 700
	Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	Bjørnafjorden	153 900	96 500	53 100	4 300	-	-	-
	Sykkelparkering	Bjørnafjorden	3 200		3 200	-	-	-	-
	Snarvegar Osøyo	Bjørnafjorden	10 400		10 400	-	-	-	-
	Ferstadvegen	Bjørnafjorden	4 100		4 100	-	-	-	-
	Bildøyvegen/Straumsundet bru	Øygarden	205 400		16 200	27 000	75 700	75 700	10 800
	Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	Øygarden	68 800		-	34 400	34 400	-	-
	Akse Straume sjøfront til gangbru Brattholmen	Øygarden	27 000		-	-	10 800	16 200	-
	Skogsskiftet sentrumsområde	Øygarden	136 400		25 200	50 300	50 300	10 600	-
Innfartsparkering	Innfartsparkering og kollektivterminal Osøyo	Bjørnafjorden	82 800		-	20 700	62 100	-	-
Delsum: post 30(66)-midlar til prosjekt på kommunal- og fylkesveg			2 134 200	149 200	161 600	285 700	700 600	463 600	373 500
TOTALSUM PROSJEKT POST 30			3 369 600	637 500	321 100	343 600	861 000	658 600	547 800

## Statlege post 66-midlar: Belønningsmidlar avtalekommunar

	Prosjektnamn	Kommune	2026	2027	2028	2029	Restbe-hov etter 2029
Gange og sykkel	Samlepott belønningmidler prosjekt, Alver	Alver	1 000				
	Prosjektstilling og prosjektbistand i Alver	Alver	1 500	1 500	1 500	1 500	
	Oppfølging av sykkelstrategi	Askøy	208	208	208	208	
	Planleggingsmidler Askøy kommune	Askøy	2 704	2 704	2 704	2 704	
	Tiltak i handlingsplan for gange	Bergen	8 200	8 200	5 500	5 500	
	Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune	Bergen	27 000	27 000	26 000	23 882	
	Sykkelbyavtale - Sykkelbyen Bergen	Bergen	500	500	500	500	
	Bysykkelordningen i Bergen	Bergen	5 200	3 000			
	Sykkelstrategi for Bjørnafjorden kommune	Bjørnafjorden	1 000	1 000			
	Ferstadveien	Bjørnafjorden	500				
	Strategi for grønn mobilitet Bjørnafjorden kommune	Bjørnafjorden	2 500	1 000	1 000	1 000	
	Prosjekt "sykkelparkering" i regionsenteret	Øygarden	260				
	Prosjektstillingar for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne innanfor mobilitet i Øygarden kommune	Øygarden	1 040	1 040			
<b>Sum Statlege post 66-midlar: Belønningsmidlar avtalekommunar</b>			<b>51 612</b>	<b>46 152</b>	<b>37 412</b>	<b>35 294</b>	

## Statlege post 66-midlar: Belønningsmidlar til drift av kollektivtransport

	Prosjektnamn	Tidlegare løyingar	2026	2027	2028	2029
Kollektiv-transport	Iverksette tiltak ved inngang til byvekstavtalen	1 581 000	272 000	272 000	272 000	272 000
	Styrking og omlegging av linjenett i Bergen	241 000	59 000	59 000	59 000	59 000
	Årleg ruteendring i byvekstavtaleområdet	50 000	24 000	29 000	34 000	39 000
	Styrking i Bergen sentrum, linje 11	4 000	1 000	1 000	1 000	1 000
	Etablering av regionstamlinje Bergen-Bjørnafjorden	28 000	7 000	7 000	7 000	7 000
	Nullutslepp bå Bergen-Askøy og Bergen-Alver	21 000	21 000	21 000	21 000	21 000
	Styrka rutetilbod og bestillingstransport Askøy	16 000	16 000	16 000	16 000	16 000
	Styrka rutetilbod og bestillingstransport Øygarden			10 000	10 000	10 000
	Samkøring Askøy og Øygarden	7 000	4 000			
	<b>Sum statlege post 66-midlar: Belønningsmidlar til drift av kollektivtrans-</b>	<b>1 947 000</b>	<b>404 000</b>	<b>415 000</b>	<b>420 000</b>	<b>425 000</b>

## Statlege post 66-midlar: Andre tilskot

(mill. kr)

Kollektiv-transport	Prosjektnavn	2026	2027	2028	2029	Kommentar
	Tilskot til bedre kollektivtilbod	136	136	136	136	
	Tilkot til reduserte billettprisar	61	61	61	61	Detaljert bruk av desse finansieringskjeldene blir avgjort i slutten av 2025 og starten av 2026
	<b>Sum: Andre tilskot</b>	<b>197</b>	<b>197</b>	<b>197</b>	<b>197</b>	

## Totalsum byvekstavtalen

(mill. kr)

		2026	2027	2028	2029	Sum 2026–2029
	<b>Sum alle prosjekt i byvekstavtalen i handlingsprogram 2026-2029</b>	<b>1342</b>	<b>1372</b>	<b>1860</b>	<b>1671</b>	<b>6 245</b>

## Handlingsprogram fordelt på satsingsområde

(mill. kr)

Forventa bruk fordelt på satsingsområda i byvekstavtalen	2026	2027	2028	2029	Sum 2026-20269
Gange og sykkel	631	646	1 107	964	<b>3 348</b>
Kollektiv	699	694	678	694	<b>2 765</b>
Innfartsparkering	-	21	62	-	<b>83</b>
Anna	12	12	12	12	<b>50</b>
<b>Totalsum</b>	<b>1 342</b>	<b>1 373</b>	<b>1 860</b>	<b>1 671</b>	<b>6 245</b>

## Handlingsprogram fordelt på kommunar

(mill. kr)

Kommune	2026	2027	2028	2029	Sum 2026-2029
Bergen	491	478	726	823	<b>2 519</b>
Alver	37	32	16	43	<b>128</b>
Askøy	8	19	198	25	<b>250</b>
Bjørnafjorden	85	29	63	1	<b>179</b>
Øygarden	50	133	192	107	<b>482</b>
Prosjekt i heile avtaleområdet	70	70	49	49	<b>236</b>
<b>Totalsum</b>	<b>741</b>	<b>761</b>	<b>1 243</b>	<b>1 049</b>	<b>3 793</b>

### Prosjekt i Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Tabellen detaljerer prosjekt med finansiering i Bypakke Bergen i handlingsprogramperioden 2026–2029. Tala er oppgitt i millionar og indeksert til forventa 2026-kr.

Prosjektnavn	2026	2027	2028	2029	Sum 2026-2029
Prosjektering og grunneverv, bybanen byggetrinn 5	175	199			374
Reguleringsplanarbeid, bybanen byggetrinn 5	50	30			80
<b>Sum Bypakke Bergen</b>	<b>225</b>	<b>229</b>			<b>454</b>

